



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 32, 22. september 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Forskningsdagane startar fredag 23.9.

Forskningsdagane på Høgskulen i Volda startar fredag 23. september og varer til 1. oktober 2022. Du kan mellom anna få med deg Livet i havet-arrangement ved Runde Miljøsender, biletforedrag om Shetlandsfararar i Fosnavåg, filmvising ved Hjørundfjord Filmteater på Sæbø og boklansering og omvisning på Bjørkedalen.

LES MEIR



Nærnett, Radio Volda og Nærsynet er tilbake

Journaliststudentane har no starta haustpraksisen og det betyr at [Nærnett](#), [Radio Volda](#) og [Nærsynet](#) er tilbake, fullt av lokale nyhende, kommentarar - og anna.

LES MEIR

Studium og studentliv

Val til studentparlamentet: Fristen går ut i dag: 22 har stilt til val

Alle studentar har fått tilsendt ei personleg stemmelenkje på studentmailen sin der dei kan lese om kandidatane og avgi si stemme. Studentane kan stemme på to studentar frå si avdeling, og valet stengjer torsdag 22.09. kl 23.59. [Presentasjon av kandidatane som stiller til val ligg også tilgjengeleg her](#). Studentparlamentet oppmodar alle tilsette til å minne studentane på å bruke stemmeretten. I alt er det 22 studentar som har stilt opp til val. [Les meir på nettsidene våre](#).

Rokken treng fleire frivillige

Nærnett melder om at Rokken ikkje har fått mange nok frivillige til å drive Rokken. Rokken blir difor open færre dagar enn planlagt. Rokken treng 250-300 frivillige og då Nærnett omtalte saka var det berre 130 friviljuge. [Les meir på Nærnett](#).

Fekk trøbbel med husvære - måtte avbryte utveksling

To voldastudentar som hadde planlagt utveksling til Manchester fekk ikkje tak i husvære og måtte avlyse utvekslinga. Dette er første gongen dette har skjedd, seier Internasjonalt kontor som også seier at det tek så lang tid å avtale utveksling at det ikkje var råd å skifte til ein annan institusjon. [Les meir på Nærnett](#).

Studieprogram: Meld inn namn på studentar i kvalitetsutval

Prorektor Odd Helge Tonheim har i ein e-post til alle på HVO 6. september bede alle studieprogramleiarar om å melde inn namn på studentar som er valt som kvalitetsutvalsmedlem/tillitsvalt på dei ulike årskulla på gradsgjevande studieprogram. Bruk lenka i e-posten. Frist for innmelding er 25. september.

Biblioteket: Korleis vere student? Kurs med gratis taco

Biblioteket på Høgskulen i Volda arrangerer i september og oktober kurs i det å vere student: Studieteknikk, studentvelferd, eksamen, akademisk skriving og om biblioteket sine tenester. Det same kurset vert halde på fire ulike tidspunkt slik at det skal vere lett å finne ei tid som passar. Og så blir det gratis taco etterpå. Kurset er også lagt inn i kalenderen på www.hivolda.no og det neste kurset vert halde 28. september klokka 16.00. [Les meir på nettsida til biblioteket](#).

Internasjonal utveksling i 2023? Søknadsfristen er 1. oktober

Er du interessert i å studere i utlandet til våren? Hugs å søke om utveksling før 1. oktober! I haust har Høgskulen i Volda (HVO) mange studentar på utveksling rundt om i verda. No nærmar fristen seg for å søke om utveksling for vårsemesteret 2023. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Menyen i kantina i neste veke

Måndag: Vegetarlasagne med spinat

Tysdag: Fiskegrateng

Onsdag: Kebab-buffet/Lapskaus

Torsdag: Potetball med tilbehør*

Fredag: Tacobuffé

Prisen er kr 14,90 pr.hg.

Styre og stell

Kulturkomiteen besøker Høgskulen i Volda

Måndag 26. september vil [Stortingets familie- og kulturkomite](#) kome på til Høgskulen i Volda. Komiteen har særleg vore interessert i å få vite meir om Avdeling for mediefag og arbeid med spørsmål om yringsfridom i lys av at dette var tema i samband med 50-års markeringa for medieutdanningane tidlegare i år. Komiteen skal også besøke blant andre Aasantunet.

Seks søkarar på direktørstillinga

Då søknadsfristen hadde gått ut hadde det meldt seg seks søkarar til den ledige stillinga som høgskuledirektør etter Karen Lomeland Jacobsen. To av søkarane har fått innvilga UOFF. Dei fire andre er: Cecilie Bjørlykke, Inge Bruheim, Ann Kristin Emblem og Siv Marina Grimstad. Høgskulestyret skal etter planen tilsette direktør i styremøte 3. november, men det kan også bli gjort tilsetting på eit omframt styremøte før det. Styret har sett ned eit Innstillingsutval som skal vurdere søkarane og kome med innstilling til styret. I innstillingsutvalet er det med representantar både for studentar og tilsette og er samansett av desse medlemmene: Rektor Johann Roppen, Roar Tobro (styremedlem), Unni Hagen (dekan), Stein Conradsen og Margrete Homlong Øyehaug (representantar for tilsette) og Trond Fredrik Hoddevik (studentrepresentant).

Skal ha omframst styremøte om ny doktorgradsutdanning

Høgskulestyret vil i eit omframst styremøte 24. oktober vurdere om høgskulen skal søke om akkreditering av ei ny doktorgradsutdanning med utgangspunkt i Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Saka vart også teken opp på styremøte 15. september, men styret ønska å sjå ein meir fullstendig søknad før dei ville ta stilling til om søknaden skulle sendast. Dette vil ikkje forsinke prosessen. Søknadsfristen til NOKUT er 1. november, og om styret ikkje vil sende søknad no er det eit år til neste gong det kan sendast søknad.

Høgskulestyret: Prioriterer stipendiatar

Høgskulestyret vedtok i førre måte å prioritere stipendiatar øvst på lista over nye satsingar i 2024. Dette er kopla til planane om ny doktorgradsutdanning. Andre prioriterte tiltak på lista var utstyr til Framtidslaben i Sivert Aarflot-huset, nye studieplassar: Master på AKF, PPU og GLU (Kristansund), og også planleggingsmidlar til framtidig vernepleiar og/eller sjukepleiarutdanning i Volda. Kvart år skal høgskulen sende Kunnskapsdepartementet brev med høgskulens framlegg til "Satsingar utanfor ramma i 2024".

Fag og forskning

Internasjonalt seminar om systematisk observasjon i utdanningsforskning

Høgskulen i Volda har arrangert "6th European Seminar on Systematic Observation in Educational Research" som samla 70 fagfolk frå 8 land. Fagfolka som stod bak seminaret frå Høgskulen i Volda si side er professor Siv Måseidvåg Gamlem, høgskulelektor Liv Kristin Bjørlykke Øvereng og professor Wenke Mork Rogne. [Les meir på nettsidene våre.](#)

VoldaKom: tverrfagleg fagdag i medieutdanninga

Norsk kommunikasjonsforening sitt studentlag i Volda, POE-prosjektet og Institutt for kommunikasjon har arranger fagdag om tverrfaglegheit i medie- og kommunikasjonsarbeid. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Søker om akkreditering av to nye mastergrader: Barnevern og kulturfag

Høgskulen i Volda har nett sendt NOKUT søknad om akkreditering av to nye mastergrader. Den eine er master i barnevernsarbeid og er sendt av Avdeling for samfunnsfag og historie. Når utdanninga er akkreditert kan studentar med bachelor i sosionom, barnevern, barnehagelærarutdanning og andre bachelorutdanningar få plass på studiet. Den andre mastergraden er sendt frå fagmiljøet på Avdeling for kulturfag og har tittelen: Natur, kultur og berekraft. Mastergraden vil særleg vere aktuell for studentar med bachelor frå Avdeling for kulturfag: Idrett, friluftsliv, musikk, teater/drama eller kunst, design og handverk.

Forskringsrådssøknad frå historie: Fyrvesen og hamner

Historiemiljøet i Volda har i samarbeid med VITI (Sunnmøre Museum) søkt om midlar frå Forskringsrådet innanfor programmet KULMEDIA. Prosjektsøknaden har tittelen "The establishment of maritime infrastructure in Norway 1840-1950" og skal finansiere eit doktorgradsprosjekt. Prosjektet skal dokumentere og skaffe kunnskap om utbygginga av hamner, ankringsplassar og fyrlykter som skjedde langs kysten av Noreg på 18- og 1900-talet.. Prosjektleiari for Høgskulen i Volda er førsteamanuensis Ola Teige, ASH/Historie.

50-års jubileum for kyrkjeleg utdanning i Volda

Hausten 1971 kom ein i gang med undervisning ved distriktshøgskulen i Volda. Året etter kunne ein lyse ut eit studium i «Organisasjon og velferd, teologisk line». 50-årsjubiléet for dei kyrkjelege utdanningane i Volda vert markert med eit fagleg seminar, jubileumsfest og gudsteneste i samband med Forskringsdagane siste helga i september. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Nytt om namn på HVO

Marit Vartdal Engeset utleigd til ekspertgruppe

[Rådgjevar Marit Vartdal Engeseth](#) i studieadministrasjonen har vorte engasjert i den nasjonale brukargruppa for studentsystemet FS ("Felles studentsystem"). Dette er ei ekspertgruppe som skal hjelpe og rådgje brukarar i heile sektoren. I ei tid framover er Vartdal Engeset frikjøpt frå stillinga si i Studieadministrasjonen for å bidra i denne nasjonale gruppa.

Tilset professor II frå New Zealand

Høgskulestyret har kalla tre nye II-arar til Høgskulen i Volda. Det skjedde på styremøtet 15. september. Og ein av dei er verkeleg langvegsfarande. Dei tre nye II-arane er:

Peter J. O'Connor, professor II, AKF. Connor er direktør for The Centre for Arts and Social Transformation ved Universitetet i Auckland, New Zealand.

Margit Ystanes, førsteamanuensis II, ASH. Ystanes har tidlegare vore tilsett ved Høgskulen i Volda men er no tilsett ved Universitetet i Agder.

Åsta Rimstad, førsteamanuensis II, AKF. Rimstad er tilsett ved Universitetet i Sør-Aust Noreg.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Teige har redigert bok: Fredsåra 1720-1807

Førsteamanuensis Ola Teige, ASH/Historie, er ein av tre redaktørar på boka "Fredsårene. Norge i fred 1720-1807", som nett har kome ut på forlaget Dreyer. Dei to andre redaktørane er Thomas Daltveit Slettebø og Øystein Lydik Idsøe Viken. Teige har også skrive eit av kapitla i boka: «Over grensen (og tilbake igjen). Utlevering av forbrytere mellom Norge og Sverige 1720-1738.». Teige omtalar kapitlet slik: Kapitlet forsøker å vise hvordan utlevering av forbrytere er et eksempel på at freden gjorde at norske og svenske embetsmenn langs grensen begynte å samarbeide på nye måter. Fra full krig og konfrontasjon gikk det ikke mange år før en egen utleveringsavtale opprettet i 1738, omtrent samtidig som den felles grensekommisjonen som for første gang markerte grensen begynte sitt arbeide. [Les meir om boka på forlaget sine nettsider.](#)

Fleire Volda-bidrag i Mediehistorisk tidsskrift med Werenskjold som redaktør

Siste utgåve av Mediehistorisk tidsskrift er eit dobbeltnummer med tittelen: "Nordisk utenriksjournalistikk i det lange 20. århundre", og professor Rolf Werenskjold, AMF, er ein av to redaktørar for denne utgåva av tidsskriftet. Den andre er Birgitte Kjos Fonn, Oslomet, og dei har saman skrive leiarartikkelen med same namn som spesialutgåva av tidsskriftet. Werenskjold har også skrive to vanlege artiklar. [Alle artiklane kan lesast på nettsida til tidsskriftet.](#)

Rolf Werenskjold: "Ottar Odland: radiomannen og utenrikskorrespondenten, 1953–1987".

Øystein Pedersen Dahlen og Rolf Werenskjold: "Presse, PR og politikk. Utenriksdepartementets pressekontor 1919-1924"

Professor Henrik G. Bastiansen, AMF, har som leiar i Mediehistorisk forening publisert artikkelen: "Mediehistorie i fremtiden: hvor går veien videre?". [Les også omtale på nettsidene våre.](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Økonomirådgivar AHL - søknadsfrist 30.9.2022](#)
- [Innhaldsprodusent/kommunikasjonskonsulent, Kontor for kommunikasjon - søknadsfrist 5.10.2022.](#)
- [Førstekonsulent ved økonomi- og egedomsavdelinga i Fellesadministrasjonen - søknadsfrist 7.10.2022](#)
- [Administrasjonssjef Avdeling for mediefag - søknadsfrist 20.10.2022](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

- 23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)
28.-29.9.2022: [Karrieredagane](#), Ørstahallen
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
29.9.-30.9.2022: [Forskingsleiarprogram - første samling](#)
6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO
24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadalen](#)
27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda
3.11.2022: [Høgskulestyret](#)
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

18.11.2022: Avdelingsseminar ASH
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

15.9.2022: [Orientering til høgskulestyret](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)